

## **Saksprotokoll i Kontrollutvalet - 16.02.2015**

### **Handsaming i møte**

#### **RS 2/15 Status handlingsplan forvaltningsrevisjon økonomistyring**

##### **Vedtak**

Kontrollutvalet ser positivt på at ein er kome godt i gang i arbeidet med dei fleste tiltaka som vart vedteke etter revisjonsrapport innan økonomistyring. På bakgrunn av at fleire av punkta er planlagd slutført i fyrste halvår 2015 ber kontrollutvalet om ny status i form av skriftleg tilbakemelding innan 30.06.2015.

#### **RS 3/15 Forvaltningsrevisjon av samhandling på vegområdet – Status pr. november 2014**

##### **Vedtak**

Kontrollutvalet registrerer at det er sett i gang fleire positive prosessar for å følgje opp fylkestinget sitt vedtak, men at ferdigstilling for nokre vil skje i løpet av første kvartal 2015 og i løpet av første halvår 2015. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om at fylkesrådmannen kjem med ny skriftleg status på området innan 17.4.15. I denne tilbakemeldinga er det ønskjeleg med meir konkrete fristar for gjennomføring av tiltaka, jf. vedtak i fylkestinget 12.12.12 punkt 6.

#### **RS 4/15 Forvaltningsrevisjon fagopplæring – løypemelding**

##### **Vedtak**

Kontrollutvalet ser positivt på at dei fleste tiltaka som vart vedteke etter revisjonsrapport innan fagopplæring no er gjennomført. Samstundes er det framleis uklart korleis statusen er på punkt 2 og 9 i vedtaket. Kontrollutvalet ber difor om ny status i form av skriftleg tilbakemelding på desse 2 punkta innan 30.06.2015.

#### **RS 5/15 Forvaltningsrevisjon kulturtilskot**

##### **Vedtak**

Kontrollutvalet ser positivt på at det vert jobba godt med mange av dei 7 tiltaka som vart vedteke av fylkestinget 11.6.14 etter revisjonsrapport innan «Tilskotsforvaltninga på kulturfeltet». På bakgrunn av at det framleis er ein del arbeid som gjenstår før alle tiltaka er gjennomført, ber kontrollutvalet om ny status i form av skriftleg tilbakemelding innan 30.06.2015. Utvalet ber om at denne tilbakemeldinga vert gjeve punktvis som svar på kvart av dei 7 punkta i fylkestingsvedtaket.

#### **RS 6/15 Oppfølging av forvaltningsrevisjon av personalforvaltninga i Hordaland fylkeskommune**

##### **Vedtak**

Kontrollutvalet registrerer at ei rekke tiltak er sett i verk for å følgje opp fylkestinget sitt vedtak, men at ferdigstilling for nokre få av desse vil skje i løpet av første halvår 2015 . På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om at fylkesrådmannen kjem med ny skriftleg status på området innan 30.06.15.

#### **RS 14/15 Gjennomførte tilsyn i Hordaland fylkeskommune januar – september 2014**

##### **Vedtak**

Kontrollutvalet ber om få lagt fram, som referatsaker til neste møte, desse tilsynsrapportane med etterfølgjande korrepondanse:

- |                            |                     |                   |
|----------------------------|---------------------|-------------------|
| • Arbeidstilsynet          | Bybanen utbygging   | 28.01.14          |
| • Arbeidstilsynet          | Fylkesbygget        | 12.09.14          |
| • Fylkesmannen i Hordaland | Seksjon skule       | 12.05.14          |
| • Det norske Veritas       | Austevoll vgs       | April 2014        |
| • Det norske Veritas       | Bergen Maritime vgs | April og nov 2014 |

### **RS 15/15 Kopi av brev til HFK frå Hordaland barne- og ungdomsråd dagsett 19.1.15**

Fylkesrådmannen har laga utkast til svar til Hordaland barne- og ungdomsråd, men det vart ikkje ferdig til dette møtet. Kontrollutvalet ber om at svaret vert lagt fram som referatsak i neste møte.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet ber om at Hordaland fylkeskommune sitt svar på brev frå Hordaland barne- og ungdomsråd dagsett 19.1.15, vert lagt fram som referatsak i neste møte i utvalet.